



HANDLINGSPLAN TIL GRØN MOBILITETSSTRATEGI



INNHALD

Innleiing.....	3
1.1. Oppbygging av handlingsplanen	3
Innsatsområde 1	4
Innsatsområde 2	8
Innsatsområde 3.....	14

INNLEIING

Grøn mobilitetsstrategi 2025-2036 for Bjørnafjorden kommune (heretter mobilitetsstrategien) er ein plan som fokuserer på gjere transport meir berekraftig, universelt og aldersvennleg. Mobilitetsstrategien har som mål å redusere klimagassutslepp, forbetre luftkvalitet og skape ein meir effektiv og miljøvenleg mobilitet.

Kommunen har forplikta seg til nullvekstmålet for Bergensområdet. Det betyr at sjølv om folketalet i kommunen går opp skal ikkje personbiltrafikken auke. All vekst i persontransport skal skje gjennom kollektivtransport, sykling og gange. Handlingsplanen er difor retta mot persontransport, og fokusera ikkje på transport og mobilitet knytt til offentleg-, næring- og tenesteyting.

Kommunens innbyggjarar har svært ulike utfordringar og moglegheiter til å reise miljøvenleg. Kommunen må legge til rette for at flest mogeleg av dei som *kan* reiser kollektivt, gå eller sykle til sine dagelege gjeremål. Medan fleire av dei som *må* reise med bil, nyttar miljøvenlege bilar.

Mobilitetsstrategien er ikkje juridisk binande, men er nyttig for å:

- Gi føringar og føresegner i samfunns- og arealplanar.
- Gi føringar for prioritering av mobilitets tiltak i kommunal, regional, statleg eller privat regi

Handlingsplanen gir administrasjonen fullmakt til å arbeide med konkrete tiltak som kommunen skal gjennomføre. Men mange av dei større tiltaka vil krevje eigne politiske finansieringsvedtak.

1.1. Oppbygging av handlingsplanen

Denne handlingsplanen gir ei retning for prioritering av konkrete tiltak som skal bidra til at hovudmålet i Grøn mobilitetsstrategi blir nådd.

Handlingsplanen har ei tiltaksliste for kvart innsatsområde i grøn mobilitetsstrategi. Innsatsområda er:

1. *Levende og inkluderande lokalsamfunn*
2. *Aktiv transport*
3. *Smarte reiser*

For kvart innsatsområde listar vi opp vidare utgreiingar og konkret tiltak, med ein kort omtale av tiltaket og kva eining som har ansvaret for oppfølging av tiltaka. Kostnadsvurderingar eller finansielle rammer er med dersom det er gjort slike. Tiltaka som blir prioritert, skal bidra til at vi når nullvekstmålet. Dei skal også skal vere mogeleg å gjennomføre med kommunen som ansvarleg aktør eller som pådrivar for andre offentlege eller private aktørar.

Innsatsområde 1

LEVENDE OG INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN

Bjørnafjorden kommune skal planlegge for berekraftig arealbruk og utvikle lokalsamfunn som legg til rette for at innbyggjarane har mindre behov for privatbil og lettare kan velje gange, sykkel og kollektiv til daglege reiser. God tilrettelegging for grøn mobilitet der flest folk bur kan gjere lokalsamfunna våre levende, meir attraktive og inkluderande. Kommunen skal bidra til at fleire av våre innbyggjarar kan reise til og frå daglege gjeremål som butikkar, tenester og fritidsaktivitetar på ein klimavennleg måte.

I dag bur om lag 75 % av Bjørnafjordingane i tettstadar, medan 25 % bur meir spreidd. Geografiske avstandar og lite tilrettelegging for kollektiv og sykling, gjer at fleire vel bil som transportmiddel. I regionsenter, lokalsenter og nærsentera er potensialet for å få fleire til å gå større enn i område med spreidd busetnad. Ny bustadbygging skal difor hovudsakeleg skje gjennom fortetting og transformasjon i senterområda

Senterområda bør også utviklast slik at det ikkje er behov for å reise langt for daglege gjeremål. Det vil seie at kommunen skal legge til rette for at senterområda kan ha butikkar, arbeidsplassar, tenestetilbod og fritidsaktivitetar. Utvikling av senterområda krev også auka fokus på tilgjengelegheit, universell og aldersvennleg utforming. Alle skal ferdast enkelt og trygt uavhengig av funksjonsevne i sine senterområda. Det må vere tilstrekkeleg parkeringsplassar for at dei som må reise med bil kan kome til senterområda. Parkeringsplassar må plasserast slik at det er mogeleg for mjuke trafikantar å ferdast trygt i områda. Det må settast opp benkar slik at folk som treng det kan kvile.

Endringar i reisemønster som følgje av ei konsentrert og effektiv arealutvikling er likevel ein langsiktig prosess og resultatane syner seg fyrst over tid. Kommunen skal bidra til at:



Foto: Fransisco Munoz



Foto: Fransisco Munoz



Foto: Fransisco Munoz

- bustadbygging hovudsakeleg skjer gjennom fortetting og transformasjon i region-, lokal- og nærsenter
- daglegvarebutikkar, tenesteyting og fritidsaktivitetar blir etablert også i lokal- og nærsenter
- sentera er lett tilgjengeleg og universelt utforma

Tiltak	Omtale	Ansvar	Finansiering	Langsiktig ★ Økonomiplan ★ Budsjett ★
Fleire aldersvennleg kvilebenkar	<p>Aldersvennleg kvilebenk, er universelt utforma benkar som gjer at fleire grupper (t.d. eldre) har moglegheit til å kvile på ein gå tur. Fleire kvileplassar gjer større plass for rekreasjon, noko som kan gjere at fleire opphald deg meir på offentlege plassar. Når fleire har moglegheit til å gå og kvile, gjer det at sosiale møteplassar styrkes meir i lokalsamfunna.</p> <p>Det er anbefalt at aldersvennlege kvilebenkar har maks avstand på 200 meter mellom kvar benk. Fleire aldersvennleg kvilebenkar kan oppmuntre fleire til å gå meir og styrke ein gå-kultur i kommunen.</p> <p>Kommunen bør legge til rette for aldersvennleg kvilebenkar med passande mellomrom langs gangvegane.</p>	Samfunnsutv.	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	
Barnetråkk og Seniortråkk for Fusa området	Barnetråkk og seniortråkk er et verktøy for å kartlegge korleis desse samfunnsgruppene bruker sitt nærmiljø.	Samfunnsutv.	Søking om økonomisk tilskot	

	I gamle Os kommune har det blitt gjennomført Barnetråkk og seniortråkk. Rapportane gjer viktig kunnskap om utfordringar og forbetringspotensialet for nærmiljøet på Os. Rapportane gjer eit bilde på kva for vegar og områder som opplevast utrygt og kor folk ferdes mykje. Ved å gjennomføre Barnetråkk og Seniortråkk på Fusa, er det mogleg å kartlegge utfordringar og forbetringspotensialet for nærmiljøa på aust sida av fjorden.			
Regulering av parkeringsplasser for bilar	Det er mange bilar som køyrar og/eller parkerer i sentrumsområda. Regulering av parkeringsplassar til dømes for handlane og arbeidsreisande, kan sørge for at fleire parkerer meir ut av sentrumskjernen. Dette reduserer trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.	Plan og byggesak Prosjekt Samferdsel og VA	Innanfor ramma av ordinær drift	
Disponere fleire parkeringsplassar for privatbilar til fleire HC parkeringsplassar	Etablering av fleire HC parkeringsplassar gjer mobilitetstilbodet i kommunen meir universelt for menneske med nedsett funksjonsevne.	Plan og byggesak Eigedom drift Prosjekt Samferdsel og VA	Innanfor ramma av ordinær drift	
Bilfri sonar i nærleik av tettstader og sentrumskjerner	Parkeringsstrategien til kommunen syner til at fleire sambruksareal (delt byrom mellom ulike trafikantgrupper) er ujamne. Fotgjengarane må ofte vike for bilene. Bilfrie sonar i sentrumskjerner vil auke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, samtidig som at det er meir triveleg å opphalde seg i lokalsentra i kommunen.	Plan og byggesak Prosjekt Samferdsel og VA	Innanfor ramma av ordinær drift	

	Bilfrie sonar i sentrum må vere lagt til rette for å vere aldersvennleg, universelt utforma og trygt for barn og unge.			
Sikre meir grønt areal i areal- og reguleringsplanlegging	Meir grønt areal kan til dømes oppmuntre til at fleire vel å gå fordi omgjevnadar kan opplevast som meir triveleg og attraktivt.	Plan og byggesak	Innanfor ramma av ordinær drift	

Innsatsområde 2

AKTIV TRANSPORT

Aktiv transportbruk handlar om at fleire skal velje å gå, sykle eller bruke kroppen sin aktivt for å reise til sitt målepunkt. Mjuke trafikantar står i fokus. Kommunen skal prioritere tiltak for gåande og syklande i transportsystemet.

Kommunen må leggje til rette for at folk vel å ta i bruk aktiv transport i lokalmiljøet sitt. Alle innbygarane våre er fotgjengarar på del av reisa. De som ikkje er så mobile skal ha moglegheit til å vere så mobile dei kan i kvardagen. For at vi skal velje å gå eller sykle lenger enn vi gjer i dag, må aktiv transport opplevast



trygt, attraktivt, universelt og aldersvennleg. Trygghet handlar om at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar sikrast. Videre er det viktig at aktiv transport er attraktiv og hyggeleg. Til dømes at det er lagt til rette for sosiale møteplassar, rekreasjon og kvileplassar når du er aktiv.

Effektiv samband mellom ulike stader er viktig for å auke aktiv transport. Dette kan først og fremst vere effektiv utforming av fysisk infrastruktur som aukar aktiv transport slik som gater, vegar og stiar. Å sette vilkår for bilbruk kan nyttast for å oppnå aktiv transport. Haldningsskapande og informasjonsarbeid kan danne grunnlaget for nye vanar og bidra til at fleire er aktiv.

Transportpyramiden (figur til venstre) tydeleggjer at mjuke trafikantar får høgst prioritering i areal- og transportplanlegging. Pyramiden er henta frå mobilitetsstrategien.

Kommunen skal bidra til at:

- fleire vel å sykle eller gå i kvardagen



- det er trygt og attraktivt å ferdest for mjuke trafikantar

Tiltak	Omtale	Ansvar	Finansiering	Langsiktig ★ Økonomiplan ★ Budsjett ★
Snarvegar	<p>Snarvegar kan vere stiar, bruer, trapper og gangforbindelsar som reduserer gangavstand og tidsbruken på ein reiseveg.</p> <p>Kommunen bør gjere ei kartlegging av mogelege snarvegar i nærsenter, lokalsenter og regionsenteret.</p> <p>Det skal vere ein målsetning at så mange av snarvegane skal vere universelle og aldersvennlege. Snarvegar skal vere lagt til rette for ein kvar samfunnsgruppe. Til dømes vil belysning, rekkverk og brøyting av snø og is, gjere det enklare for innbyggjarane å bruke snarvegar.</p>	Samfunnsutv.	Innanfor ramma av ordinær drift	
Haldningsarbeid og åtferdstiltak	<p>Mange ulykker skjer fordi ulike trafikantgrupper gjer feil. Mange feil kjem av manglande kunnskapar eller haldningar til for eksempel fart, rusbruk, manglande hjelm og refleks.</p> <p>Haldningsarbeid er viktig for alle trafikantgrupper, i alle aldersgrupper.</p>	Samfunnsutv.	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	

	<p>Åtferdstiltak retta mot barn og unge under 25 år kan til dømes vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Politi kan avhalde foredrag på VGS om rusbruk og trafikktryggleik ○ Sykkelopplæring på barneskulen ○ Trafikk som valfag på ungdomsskule og VGS <p>Åtferdstiltak for eldre over 65 kan til dømes vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Statens Vegvesen tilbyr kurs for førarar over 65 år kor dei får oppdatert kunnskap om reglar og tilhøve i trafikken. 			
Konkurransar for barne- og ungdomskuleelevar	<p>Konkurransar kan oppmuntre til meir sykling og gange</p> <p>Til dømes er det mogleg å arrangere:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Sykkelkonkurransar for barn- og ungdomsskule for å lære meir om sykkelteori og sykkeltraining. ○ Refleksvest kampanjar og konkurransar for å oppmuntre fleire til å bruke refleksvest ○ Hoppetaukonkurranse (sjå Nasjonalforeininga for folkehelse) 	Plan Helse/Oppvekst Kultur	<p>Krev vedtak i ordinært budsjett/økonomiplan</p> <p>Kan søke økonomisk tilskot frå eksterne aktørar</p>	
Felles aksjonsdag for skulane	Felles aksjonsdag kan bli brukt for å oppmuntre elevar til å vere meir delaktig og bevist om klima- og miljøutviklinga i sitt nærmiljø.	Samfunnsutv.		
Informasjonsarbeid	Informasjonsarbeid er viktig for endring av haldning og åtferd i trafikken.	Helse/Oppvekst		

	<p>Informasjonsarbeid kan vere retta mot ulike formål og trafikkgrupper. Til dømes kan informasjonsarbeid vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Helsestasjonen gjer informasjon om korleis foreldre skal sikre barn i bil. ○ Statens Vegvesen arrangerer kurs for å gje dem over 65 år oppdatert kunnskap om reglar og tilhøve i trafikken. <p>Kommunen må sjå etter potensialet for samarbeid med andre avdelingar/instansar kor innbyggjarane får informasjon om trafikksikkerheit og åtferd i trafikkbilete.</p>			
Oppretthalde frivillig tilbod som oppmuntrar til fysisk aktivitet	<p>Kommunen bør jobbe for å oppretthalde tilbod kor innbyggjarane kan låne utstyr som gjer at dei kan vere meir aktive i kvardagen (t.d. BUA).</p>	Kultur	Innanfor ramma av ordinær drift	
Mikromobilitet	<p>Tilrettelegging for mikromobilitet (som sykklar og elsparkesyklar) kan bidra til å auke aktiv transport i kommunen.</p> <p>Kommunen må ha retningslinjer og sette av areal for parkering i fall kommersielle aktørar ønsker å etablere seg i kommunen.</p>	Samfunnsutv.	<p>Krev vedtak i ordinært budsjett/økonomiplan</p> <p>Må regulere bruk av offentleg rom</p>	
Trygg sykkelparkering	<p>Kommunen må etablere trygge parkeringsplassar for sykklar kring sentrale kollektivhaldeplassar og senterområda i kommunen.</p> <p>Trygg sykkelparkering kan til dømes vere innandørs parkering og sykkelboksar. Det skal vere ein</p>	Samfunnsutv.		

	<p>målsetning at så mange av sykkelparkeringane skal vere for vanleg sykkel, men også for parkering av rullestol, rullator og tandemsykkel.</p> <p>Bør stille krav til etablering av nye arbeidsplassar at det blir lagt til rette for trygge sykkelparkering. Større arbeidsplassar bør få krav til garderobefasilitetar knytt til parkeringsplassane for sine tilsette.</p>			
Trafikksikring av kai- og bryggjeanlegg	<p>I trafikksikringsplanen ble det peika på at fall frå kai- og bryggjeanlegg utgjorde størst del av ulykke på sjø i kommunen. Tiltak som kan auke trafikksikkerheita ved kaianlegg er fleire redningsbøyer, leiderar, laus redningsstige, belysning og fjerning av gjenstandar som folk kan snuble i.</p> <p>For å sjå på kva for sikkerheitstiltak som er nødvendig, er det behov for kartlegging av risikofaktorar ved de ulike kai- og bryggjeanlegg i kommunen.</p>	<p>Plan Samferdsel og VA Eigedom drift Brann og redning</p>		
Hjartesonehjartesonerundt alle barneskular og barnehagar i kommunen	<p>Innføring av hjartesoner (bilfrisoner) for alle kommunale skular og barnehagar. Kvar enkelt skule/barnehage må tilpassa hjartesoner etter sitt behov. Dette gjeld alt frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Skilting og vegmerking ○ Fysiske tiltak ○ Samarbeid mellom skule/heim/elevlar knytt 	<p>Oppvekst Plan</p>	<p>Innanfor ramma av ordinær drift</p>	

	informasjon, åtferd og haldningsarbeid			
Skilting, vegmarkering og delesymboler	Markering av gang- og sykkelveg, er eit tiltak som gjer innbyggjarar betre informasjon om kor mjuke trafikantar kan ferdes. Samtidig som at vegmarkering kan auke trafikktryggleiken mellom ulike mjuke trafikantgrupper, slik som syklistar og gåande.	Plan og byggesak Samferdsel og VA Prosjekt	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	

Innsatsområde 3

SMARTE REISER

Befolkninga i Bjørnafjorden har samansette mobilitetsbehov. Kommunen bør leggje til rette for at det skal vere enkelt å ha saumlause overgangar mellom ulike transportmiddel for lengre reiser. Innovative og smarte teknologiske løysningar kan bidra til at mobilitet blir meir attraktivt og tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Bjørnafjorden kommune kan bidra til at fleire nyttar eksisterande kollektivtilbod som Vestland fylkeskommune/Skyss har ansvar for. Rapport frå TØI syner at foretrekkar å bruke bilen på avstandar over 800 meter¹. Fleire haldeplassar (der folk bur) eller snarveggar til kollektivhaldeplassar kan gjere kollektivtilbod meir tilgjengelege. I tillegg kan snarveggar vere trygge og mindre kostbare enn å bygge gang- og sykkelveg langs etablerte bilveggar.

Folk sykklar også gjerne om det finns trygge sykkelparkeringsplassar. Det er også mogeleg å legge til rette for mikromobilitet (sparkesyklar) for å redusere reisetida til kollektivhaldeplassar.

Privatbilar kan også vere ein del av reisa der det er for langt å gå til næraste kollektivhaldeplass, eller folk har fleire ærend som å levere i barnehage. Privatbilen kan også vere ein del av kollektivreisa gjennom at fleire kan køyre saman. Deleordningar (eks: samkøyring) kan vere ein av fleire løysningar som kan bidra til utbetring i områda kor det er dårleg kollektivdekning i dag.

Ved å etablere innfartsparkeringsplassar nær kollektivknutepunkt, kan vi få fleire til å reise kollektivt delar av turen. Dette gjer at innbyggjarane sin reiseveg blir meir klimavennleg og smart.

Kommunen skal bidra til at:

- det er enkelt å nytte fleire transportformer på ei reise
- fleire nyttar nullutsleppskøyretøy
- at fleire samkøyrer der det er dårleg kollektivtilbod



Foto: Istock.com



Foto: Fransisco Munoz



Foto: Stockbilder

¹ Kjelde: Rapport frå TØI ([Hvordan utforme selvforstyrte boligsatellitter med lav bilavhengighet? - Transportøkonomisk institutt \(toi.no\)](https://www.toi.no/rapport/hvordan-utforme-selvforstyrte-boligsatellitter-med-lav-bilavhengighet/))

Tiltak	Omtale	Ansvar	Finansiering	Langsiktig  Økonomiplan  Budsjett 
Ladestasjonar for el-bilar	El-bil har mindre klimagassutslepp enn bilar som brukar diesel eller bensin. Etablering av fleire ladestasjonar for el-bil, gjer det meir tilgjengeleg og enklare å køyre el-bil.	Plan Samferdsel og VA Prosjekt	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	
Innfartsparkering	Innfartsparkering kan bidra til å auke tal bussreisande og skape meir konkurransedyktig reisetid for buss i kommunen. Særskilt bør ein prioritere innfartsparkering langs kollektivaksen Eikelandsosen – Osøyro (Halhjem) og mot Bergen der det er eit godt kollektivtilbod i dag.	Plan og byggesak Samferdsel og VA Prosjekt	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	
Elektroniske sanntidsskilt	Sanntidsskilt for kollektiv vil forbetre overgangen mellom ulike transportmiddel. Sanntidsskilt er særdeles nyttig ved sentrale kollektivknutepunkt som koplpar region/sentrumsområdene med krinsane i kommunen. Til dømes er dette busstopp som Tøsdalsiftet, Eikelandsosen og Hagavik.	Plan Prosjekt	Krev vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan	
Delebil løysningar (Samkøyring)	Gjennomføring av eit pilotprosjekt for samkøyring i Bjørnafjorden kan bidra til (1) fleire som bur i krinsane er meir mobile og (2) privat bilbruk reduserast for fleire køyrar saman. Skyss har gjennomført samkøyringsprosjekt i Øygarden og Askøy. Samkøyringsprosjektet kan bidra til at mobilitetstilbodet kan auke for alle innbyggjarar, uansett kor dei bur i kommunen.	Vestland fk/Skyss	Kan krevje vedtak i ordinært budsjett/ økonomiplan. Moglegvis bruke belønningmidlar gjennom Miljøløftet.	

FoU prosjekter og andre samarbeidsprosjekta	<p>Samarbeid er ein viktig nøkkel for å skape ein meir klimavennleg transportutvikling i kommunen.</p> <p>Næringslivet kan bidra med nye og smarte løysingar som gjer det lettare for vår kommune å bidra til smarte og klimavennlege løysingar.</p>	Plan	Innanfor ramma av ordinær drift	
Samarbeid med andre offentlege aktørar som arbeidar med kollektiv og mobilitet	<p>Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for kollektivtransporten i Bjørnafjorden. Kommunen har likevel ein pådrivarrolle, og kan bidra med innspel til fylkeskommunen om korleis rutetilbodet kan bli betre.</p> <p>Tettare samarbeid med Skyss/fylkeskommunen og andre offentlege aktørar vil gagne Bjørnafjorden til å medverke og arbeide for fleire kollektivavgangar, rimelege kollektivpriser, å sikre betre framkomst for bussene, fleire ekspressbussar og klimavennlege kollektivløysingar generelt.</p> <p>Alle i Bjørnafjorden skal kunne leve aktive liv, frå dei som er mobile til dei som ikkje er så mobile.</p>			
Samarbeid med frivillige lag og foreiningar	<p>Tett samarbeid med lokale lag og foreiningar gjer at kommunen kan legg til rette for at flest moglege er aktive og mobile.</p> <p>Til dømes kan kommunen samarbeide med lag som:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trivselsgruppa 60+ Fusa • Os pensjonistforeining • Os frivillighetssentral • Lokale idrettslag • Husflidlag 			

